

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunehuset, Viefluno, 3 etg
<b>Dato:</b>	01.02.2024
<b>Tid:</b>	10:00 - 13:30

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Bente Spissøy	Medlem	INP
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	Nestleiar	H
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Arvid Hafver	Ståle Sagvaag	FRP

Ingen av varamedlemmane til Rune Kvernenes kunne møta for han til dette møte.

**Andre som møtte:**

Tone Stavland	Kommunalsjef Samfunnsutvikling (PS 1/24 til PS 3/24)
Kåre Valde	Sakshandsamar i Byggesak (PS 2/24)
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Erlend Risvand Mo	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 30.11.2023	2023/512	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/24	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov- oppfølging av handlingsplan	2022/163	
PS 2/24	Henvending - Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid - orientering frå kommunedirektør	2023/496	
PS 3/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 4/24	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 - prosessmøte 1	2023/393	
PS 5/24	Møteplan 2024 for kontrollutvalet	2024/3	
PS 6/24	Årsmelding 2023 for kontrollutvalet	2024/17	
PS 7/24	Gjennomgang av møteprotokollar - 2023-2027	2023/483	
PS 8/24	Eventuelt	2023/482	
	<b>Referat saker</b>		
RS 1/24	Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023	2024/12	
RS 2/24	FKT - medlemsinformasjon desember 2023	2022/31	
RS 3/24	Budsjett 2024 for KU etter vedtak i KS	2022/65	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

### **GK 2/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 30.11.2023**

**Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 30.11.2023.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 30.11.2023 vart samrøystes vedteke.

## **Politiske saker**

### **PS 1/24 Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov- oppfølging av handlingsplan**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er gjennomført etter denne forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

**Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko anna under handsaming av saka, enn det som kjem fram av saksframlegg og vedlegg til saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet takker for det forbedringsarbeidet som er gjennomført etter forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

## **PS 2/24 Henvending - Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet diskuterte saka ut i frå saksframlegget og det som vart formidla i møtet.

Etter ein diskusjon vart kontrollutvalet einig om å utsetje saka til neste møte i kontrollutvalet. Orienteringa vart gitt i dette møte og det er ikkje naudsynt med ein ny orientering frå administrasjonen til neste møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet vel å utsetje saka til neste møte. Orienteringa vart gjort i dette møte og det er ikkje naudsynt med ein ny orientering til neste møte frå administrasjonen.

## **PS 3/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

### **Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det vart mellom anna orientert om dette:

- Norsk vind, LOS Cable solutions/Vår sol AS og Finnås kraftlag
- BVA - kort eigarmøte med diverse tema etter ønske frå BVA
- Styringsgruppe kommunedelplan helse - mandat i Levekår
- Eldreråd - orientering generelt om kommunal drift, organisering og utfordringar

- Personal og HMS
- Økonomi - negativt resultat på drifta i 2023 kr. 32,5 mill kr, prognose meirforbruk i 2023 kr. 36,1 mill.kr.
- Skatteinntekter - svakere skatteinntekt enn venta med om lag 4 mill. kr mindre enn revidert budsjett
- Drift - er i prosess for å skrive ut eigedomsskatt, og har i perioden nov-23 og jan.24 vore på synfaring på nye skatteobjekt.

Presentasjonen vart vidaresend til utvalsmedlemmane 02.02.2024.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

## **PS 4/24 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 - prosessmøte 1**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurdering (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

### **Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det vart gjennomført prosessmøte med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko og vesentlegvurdering(ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så langt til orientering.

## **PS 5/24 Møteplan 2024 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2024:

Dato:
01.02.2024
11.04.2024
02.05.2024
26.09.2024
28.11.2024

## **Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet diskuterte forslag til møteplan slik det kjem fram av saksframlegget.

Kontrollutvalet vart einig om å flytte septembermøte frå 26.09 til 19.09.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2024:

Dato:
01.02.2024
11.04.2024
02.05.2024
19.09.2024
28.11.2024

## **PS 6/24 Årsmelding 2023 for kontrollutvalet**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet.

## **Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarer til årsmeldinga for 2023.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet.

## **PS 7/24 Gjennomgang av møteprotokollar - 2023-2027**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

<b>Politisk organ:</b>	<b>Kontrollutvalsmedlem:</b>
Kommunestyret	
Formannskapet	
Utval for levekår	
Utval for areal og samferdsel	

### **Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Møteprotokollane vart gjennomgått slik det kjem fram av saksframlegget, med unnatak av protokoll frå møte 30.01.2024 i Utval for levekår og protokoll frå møte 31.01.2024 i Utval for areal og samferdsel som ikkje var ferdig til dette møte.

Desse to protokollane vert teken med i saka til neste møte.

Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Kommunestyret: Bente Spissøy  
Formannskapet: Rune Kvernenes  
Utval for Levekår: Arne Zahl Røksund  
Utval for areal og samferdsel: Ståle Sagvaag

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane som vart gjennomgått i møtet til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Bente Spissøy
Formannskapet	Rune Kvernenes
Utval for levekår	Arne Zahl Røksund
Utval for areal og samferdsel	Ståle Sagvaag

## PS 8/24 Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

### Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Når er ein ugild i saker - eksempel frå kommunestyremøte.

Kontrollutvalet diskuterte eit døme frå kommunestyremøtet i desember kor ein vedtok budsjettet. I møtet vart det lagt fram forslag til endring i budsjett med ein auke til Frivillingsentralen. Ein av representantane som sto bak forslaget til endring er tilsett i Frivillingsentralen. Kontrollutvalet lurte på om kva vurderingar kring habilitet som gjeld når ein legg fram forslag til endringar i budsjett slik som dømet over.

Kontrollutvalet vil ha ein orientering frå kommunedirektør gjeldande praksis i slike saker og når er ein ugild til dette .

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør slik det kjem fram ovanfor.

### Referatsaker

### RS 1/24 Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023

### Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



## **RS 2/24 FKT - medlemsinformasjon desember 2023**

**Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

## **RS 3/24 Budsjett 2024 for KU etter vedtak i KS**

**Saksprotokoll 01.02.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering